

fra fjord og fjære

Julenummer av Kyrkjelydsbladet Helg og Yrke - Julia 2020



5



8




10



12

Julehelsing frå prosten



Jul i heimen

Underlege tider

Koronapandemien herjar over heile verda. Folk vert smitta, mange vert sjuke, nokon døyr. Smittevern-reglar har vi lært oss og praktiserer. I kyrkja held vi avstand og vaskar oss. Nokon seier at det aldri før har lukta meir sprit i kyrkjene. Eg likar å helsa på folk ved å ta dei i neven, skikkelege handtrykk. Eg saknar å gjera det no.

Vi kan ikkje halda store selskap, det er så vidt det vert ein ring rundt juletreet. I kyrkjene kan vi ikkje ta i mot alle som vil koma. No målar vi på nytt, vil vi syngja skal det vera to meter mellom oss – om vi ikkje høyrer til same kohort.

Ei annleis jul

I desse underlege tidene skal vi feira jul. Det vert ei annleis julefeiring. Ikkje store selskap, ikkje fulle kyrkjer. Kven kan vi vere i lag med? Kor mange kan kome på gudsteneste julaftan?

Eg skal i år gjere teneste på Stord julaftan. Fyrst på Knutsaåsen Omsorgssenter og så tre gudstenester i Stord kyrkje. Ofte er vel 1500 til stades på julaftangudstenestene i denne kyrkja, kan hende berre tiandedelen i år. For nokon vert det berre julaftangudsteneste på nett.

No er ikkje julefeiringa avhengig av at rammefaktorane er gode. I denne utgåva av *fra fjord og fjære* kan du lese om jul i fangeleir. Situasjonen var vel heller ikkje så enkel og idyllisk den fyrste julekvelden, med fødsel i ein stall på reis langt heimanfrå.

Førebu jula

Om jula vert annleis, er det likevel mykje som skal førebuast. Om ikkje vi vert så mange, skal vi likevel eta god julemat. Kan hende er dette jula då vi spesielt tenkjer på kven vi kan dele den gode maten med. Ordføraren i Etne, Mette Heidi, peiker på det i si julehelsing i *fra fjord og fjære*. Og julegåver vert det i år og, med julehandel spreidd over fleire veker. Med ei kone som har full kontroll på gåvene, ho har sikkert begynt og tenkje på kva ho vil gje til neste år, er eg mellom dei som er heldige og slepp unna julehandelen. Då det var snakk om smittefare i julehandelen, meinte ho at nett det var ikkje noko problem for meg.

Jul i heimen

Mette Heidi fortel om julaftanfeiringa heime i Sørstranda (sjå siste sida). Der var det tradisjon at faren, min gode ven Hans Bergsvåg, leste juleevangeliet og familien song ei julesalme ved innleiinga av bordsete. Mitt håp er at mange vil gjera det same i år. Vi har trykt juleevangeliet, bøn og salme på siste sida av *fra fjord og fjære*. Her finn de og tilgang til musikk om de har trong for det.

Melding om ei stor glede

Julebodskapen kom som ei gladmelding frå ein engel: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket.» Engelen held fram: Ein frelsar er fødd. Det er dette som gir grunn til den store gleda, og i eit år med pandemi.

Kven var dei første som fekk høyre den gode gladmeldinga? Det var nokre gjetarar der i området som var ute på markene og heldt vakt over flokken sin om natta. For meg er dette eit godt døme på at julebodskapen er meint for alle. Gjatarane var plasserte langt nede på rangstigen. Dei hadde ikkje godt ord på seg. Dei gjekk for å vere slike som ein ikkje kunne stole på. Gjatarane kunne til dømes ikkje nytast som vitne i ei rettssak. No fekk dei vera vitne til det største underet: Gud vart menneske. Gjatarane som ikkje hadde fast plass i tempel eller synagoge, var dei fyrste som fekk sjå barnet og lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett.

Med ynskje om ei velsigna julehøgtid!

Svein Arne Theodorsen




Fra fjord og fjære

I Sunnhordland prosti har ein lange tradisjonar for å gje ut «Helg og Yrke» med julenummeret «Fra Fjord og Fjære». Bladet vert sendt til alle heimar i prostiet, opplaget er passert 24 000!

Trong for gáver!

Det meste av arbeidet vert gjort på dugnad.

Einaste inntektsposten er gáver. Vi er svært takksame til alle som gjev. Vi ser at vi har trong for fleire gjevarar for framleis å gje ut bladet og senda det fritt til alle. Vi minner om høve til å gje gáver til bladet. På neste side har vi trykt ein giroblankett, her finn du m.a. kontonummer.



Nytt om personell i Sunnhordland



Fitjar:

- Kjetil Hagevik Ragde er tilsett i 70 % stilling som kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister frå 1. november.



Kvinnherad:

- Frå 1. desember tok Torstein Aarthun til som kyrkjevevjer/dagleg leiar.



Stord:

- Anne Brandvik Nilsen er tilsett i trusopplæringa frå august 2020 til august 2021.



- Olaug Irene Arnesen Gloppen er tilsett som diakon i 50 % stilling frå 1. desember.



Sveio:

- Alie Hamberg tok til som kontor i 30 % stilling frå 18. september.
- Ledig stilling som kontorsekretær i 50 %, sjå www.sveiokyrkja.no



PROSTE-HJØRNET

Ei lita jente fekk høyre at Maria og Josef hadde vore ganske fattige. Jenta tenkte seg om og sa: «Men råd til å få tatt bilde av seg, det hadde dei.»

HELG OG YRKE

Kyrkjelydsbladet vert sendt til alle heimar i Sunnhordland

Redaksjon:

Svein Arne Theodorsen
Hamnegata 48
5411 STORD
Tlf. 53 40 34 30
svein.arne@kyrkja-stord.no

Send di gáve til:

Helg og Yrke
v/ Tor Langeland
Langlandsvegen 45
5412 STORD

Kontonr. 8420 05 25328

Sats og trykk:

Bladet Sunnhordland
STORD

Opplag: 24 000

Layout:
Jan-Ove Fagerheim

Neste nummer kjem i mai. Frist for innlevering av stoff er 30. april 2021.

Minner om høve til å gje gáver. Denne gongen er giro trykt på side 3, der er kontonummer.



Julegåva til oss alle

Av Ivar Gjerdi, diakon - pensjonist i Normisjon

«Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren.» (Luk 2, 10 - 11).

Det skal igjen feirast jul! Jesus er komen til oss.

«Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.» (Joh 1, 14).

Jesu fødsel er godt tidfesta. Det skjedde under folketeljinga som keisar Augustus hadde gitt ordre om. Fødselen hans i Betlehem var føresagt allereie hos profeten Mika, 750 år tidlegare. «Du, Betlehem, Efrata, minst mellom slektene i Juda! Frå deg lét eg ein herskar over Israel koma.» (Mika 5,1).

Det skjedde «i dei dagane». Julebodskapen handlar om noko som verkeleg skjedde. Det skjedde noko i palasset til keisaren, det skjedde noko i ein stall, og det skjedde noko i hjarta. Guds frelsobodskap var i ferd med å gå i oppfylling. Det store julelyset kunne tennast. «Det folket som går i mørkret, ser eit stort lys. Over dei som bur i dødsskuggens land, strålar lyset fram. For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven. Herreveldet er lagt på hans skulder. Han har fått namnet Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.» (Jesaja 9).

På Betlehems marker jubla englane og song. «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!» Denne himmelhæren av englar hadde vist seg for ein flokk gjetarar, og dermed vart desse dei første som fekk høyra evangeliet om at Frelsaren var fødd. Det var eit gledesbodskap, ei glede som skulle bli

heile folket til del. Og som ei stadfesting på at dette var sant, lydde det, «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» (Luk 2,11-12).

Bodskapen om lys og fred bryt makta til mørket. Med barnet i armene sine priste Simon Gud og sa: «For mine auge har sett di frelse, som du har gjort i stand like for andletet på alle folk, eit lys til openberring for heidningane og til ære for folket ditt, Israel.» (Luk 2,30-32).

Målet er at alle skal oppleve glede i julehøg-tida. Det gjeld dessverre ikkje alle, og det er utfordringa vår. Julebodskapen handlar om ei julegåve til alle. Då Gud tente det store julelyset julenatt rakk han ut handa si til frelsa, fred og glede for alle menneske.

Julen er mere enn glitrende graner og skinnende sne.
Julen er mere enn tilvendte vaner og gang om et tre.
Julen er Jesus, en Frelser er født.
Julen er himmelens dør satt på gløtt.
Julen er Jesus, Julen er Jesus.

Ingvard Bødtker



Betalingsinformasjon

Gåve til bladet

Betalt av

GIRO

Betalings-
frist

Underskrift ved girering

Betalt til

Helg og Yrke
v/ Tor Langeland
Langlandsvegen 45
5412 STORD

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer


H

<

>

8420 05 25328

<6159074905>



Trusopplæring i koronatid

Og i desse koronatider vert det gjort mykje god trusopplæring i Sunnhordland, her kan du sjå og lesa om noko av det som har hendt.

Med vårt særlege fokus i år - «Ei synleg kyrkje i Sunnhordland» kan vi og melda at det har vore trusopplæring digitalt, i sosiale media og liknande. Frå Fitjar melder dei: «I haust har me også laga digitale andaktar. Det har vore til både ungdom og barnehage. Frå Tysnes: Når det gjeld det digitale så har me på Tysnes kyrkjebursdagen vår i Ugddal kyrkje 2. pinsedag på opptak.

Elles har fleire levert ut trusopplæringsmateriell i heimane: Tysnes melder at trusopplærar og kyrkjuverje har køyrd rundt på heila Tysnes og levert ut materiell og helsingar til alle 2 åringar, 3 åringar, 5 åringar, samt at alle dei som ikkje kom på 4- og 6 års samlingane fekk bøkene sine levert heim.



Kyrkjebursdag i Ugddal kyrkje på Tysnes
Link: <https://youtu.be/2Tvl5VyLbzk>

Etne

Her er eit bilete frå babysong i Etne nå i haust. Me var heldige og kunne gjennomføra treffa kvar veka heilt til november. Me fylgde alle smittevern anbefalingane frå kommunen. Me håpar me kan starta opp igjen over jul.

Elisabeth Vae Haaland



Fitjar

Babysongkurs

Denne hausten har det vore rekordmange på babysongkurs på Fitjar bedehus. Mange herlege mødre og babyane deira har fordelt seg utover rommet på matter og dyner, mellom sjal og rytmeegg. Her er det song og regler som lokkar fram smil og litt latter. Det er god stemning. Det er godt å komme seg ut for å møte andre.

4-års bok

24. oktober inviterte me alle 4-åringar til vandring i kyrkja. Dei vart inndelt etter barnekoortane, i passe store grupper. Gjennom 5 ulike stasjonar vart dei kjent med kyrkja si og søndagsskulen i Fitjar. Samlinga vart avslutta med song, bibelforteljing og utdeling av 4-årsboka.

Randi Lønning Matre



Stord og Nysæter

Hausten 2020 blir ståande som månadene der lysten og gleda over å invitera til og samlast på ulike møtepunkt i trusopplæringa i kyrkja møtte restriksjonar, korona og avlysingar.

Me fekk oppleva nokre fine veker med babysong og songstunder for born opp til 6 år i både Stord og Nysæter kyrkjer. Med eigne matter til kvart born og kvar sin aktivitetspose fungerte det fint så lenge smittesituasjonen gjorde det mogleg å møtast inne.

Me dobbla talet på familiegudstenester då me hadde utdeling av barnebibel til 4 åringane og fekk fine opplevingar i kyrkja saman med 4 åringane og familiene deira. Me har og fått ha nokre fantastisk kjekke utesamlingar for born i alderen 7-10 år med tema om insekt og småkryp og livet i fjære. Lys Vaken samlingane flytta me utandørs og hadde kortare samlingar med mange ulike aktivitetar. 6. klassingane blei fordelt slik at dei som er elevlar på same skule kom samtidig.

Elisabeth Fauskanger



Bømlo

På Bømlo har dei dåpsjubileum for 10-åringar, her ser de bilete frå det.



Tysnes

4-års samling

I år vart det ei litt annleis 4 års samling pga. korona. Alle 4-åringane blei inviterte med ein føresett til Tysnes kyrkje ein ettermiddag i september. På førehand hadde me klarlagt med barnehagane kor mange som var i dei forskjellige kohortane og kor mange kohortar det var. Me laga kohortar med papirteppe på kyrkjegolviet framme ved koret, det var lurt for borna visste kven dei var i kohort saman med.

Marit prest fortalte om dei fira fargane i kyrkja, og det passa veldig bra sidan borna var 4 år. Dåpsdokka vår vart døypt noko dei syntes var stor stas, dei var med å talde kor mange gonger presten auste vatne over dåpsbarnet, heile tre gonger. Ein liten kar syntest godt det også kunne vera fira gonger sidan han var fira år.

Heidi fortalte skapnings historia med flanellograf, og det var veldig spennande. Skal sei det kom opp mange gode forslag over kva Gud har skapt. «Kven har skapt alle blomane» var det naturleg å avslutta forteljinga med. Elles fekk me tid til å syngja både «Min båt er så liten» og dåps-salmen: «Døypefonten står i kyrkja». Borna fekk utdelt kvar sin Biletbibel og ein ispinne før me avslutta med «Eg faldar mine hender små».



6-års samling

Alle 6-åringar som går i 1. klasse fekk invitasjon til å komma til samling i Tysnes bedehus. Eg trur det må vera rekord i påmeldingar, 27 jenter og gutar meldte seg på! Borna kom med buss frå både Ugddal og Onarheim. Dei frå Onarheim hadde ei mor med seg, og det var nok litt trygt for ein liten kropp. Reidun og Anne Merete tok imot dei i bedehuset med sprit, namnelappar og song: «Eg blir så glad når eg ser deg». Helga hadde pølsene klar, og det smakte veldig godt i ein svolten mage, hot dogs og saft for ned på høgkant og me var klare for å snakka om vennskap. Borna hadde mange gode meiningar om kva det vil sei å vera venner og kva vennar gjorde ilag. «Jesus er vår venn» blei sunge med liv og lyst og borna var einige om at Jesus var ein god venn.

Anne Merete fortalte med stor forteljarevne og innleving frå 6 års-boka «Tre i eit tre» om Hoppeklinten, Somlesinken og Bokfinken. Skal sei ho klarer å trollbinda sjølv den som har mest «maur i baken.»

Etterpå gjekk me til kyrkja der Marit prest fortalte om dei fira fargane me brukar i kyrkjeåret, lysgloben, alteret og alterringen. Og sjølv sagt måtte me ha dåp. Dåpsbarnet fekk namnet Loyd og borna følgde godt med, dei talte kor mange gonger Marit auste dåpsvatn, som var heilt ekta vatn, over hovudet på Loyd, tre gonger for det er Gud sitt tal. Vel tilbake i bedehuset fekk borna eit beger med frukt medan dei farga i arbeidsbøkene sine. Reidun fortalte om då Jesus velsigna borna, med både flanellograf og ord. Anne Merete delte ut «Tre i eit tre» til alle 6 åringane før me song «Jesus elsker alle borna» og foreldre kom å henta slitne, men fornøyde born.

Heidi Hollekim

Sveio

I midten av november var det planlagt Tårnagenthelg for 8-åringane i Sveio sokn. Det var like etter at restriksjonane med maks 50 på gudsteneste kom. Då var det ikkje mogleg å ha 24 tårnagentar med vaksne med i gudstena. Løysinga blei då eit kortare laurdagsarrangement. Borna fekk undersøkje kyrkja med skattar og symbol som finst der, gå i tårnet og sjå klokkene, finna kva som står skrive på klokkene, leika og vera saman.

Haldis Rolfsnes Stueland



Julevandringar

I fleire sokn i prostiet er det tilbod om julevandring. I Kvinnherad melder einingsleiar for trusopplæringa, Kristine Hestad, at dei fleste barnehagane kjem til kyrkja der dei har ei korona-tilpassa julevandring. Dette året tilbyr vi og barnehagane at vi kan komme til dei og ha julevandringa ute i barnehage-området. Først ute var Bringedalsbygda barnehage i Herøysund. Her ser vi engelen Gabriella, keisar Augustus, ein gjetar og Maria.



Elisabeth Fauskanger, einingsleiar Trusopplæring på Stord melder: «I adventstida er me godt i gong med julevandringar med barnehagane. Med ei vandring per barnehage og ekstra mange kostymar blir det mange fine førjulsstunder i kyrkja.»



Heidi Hollekim, trusopplærar på Tysnes, fortel her frå ei julevandring: Det er alltid lika magisk med julevandring med barnehageborn. I dag var det Lunde barnehage som kom til Tysnes-kyrkja. Ikkje løye at dei var veldig spente, fyrst måtte dei ta bussen frå barnehagen til kyrkja, noko som mange aldri hadde gjort før. Ja, nokon sa dei synest det var nett som å ta fly, då bussen duva av gårde.

Vel framme i kyrkja var dei kjempesvoltne og benka seg ned i våpenhuset der dei fekk seg ei skjeva før Marit prest ynskte dei velkomne. Stilt gjekk dei inn i den mørke kyrkja som berre var opplyst av Betlehemsstjerna og tusen stjerner på himmelen. Då alle hadde funne seg ein plass framfor stallen i Betlehem, fortalte Marit

prest om Maria, Josef og Jesusbarnet. Nokon av borna meinte bestemt at det måtte vera ein jentebaby, men det blei nedstemt. I stallen var det mange dyr, både ein hest, som på liksom måtte vera eit esel, og mange sauer. «Bæ, Bæ, lille lam» blei songen med liv å lyst, Ja, til og med «På låven sitter nissen» tona ut i kyrkje rommet, for den høyrer også med til jula. Englesongen «Gloria» var så fin at den måtte me syngja fleire gonger, i alle fall vart me heilt fasinert av englespelet til Marit. Kva anna enn «Eit barn er født i Betlehem» passa det å syngja til Jesusbarnet? Til slutt var det borna i Lunde barnehage som ville takka for seg og song to fine songar til oss. Ei fantastisk flott stund i Tysnes kyrkje ein regntung måndag i november.





Konfirmantar

Då landet vårt stengte ned i mars, vart og konfirmantåret endra. Planlagde konfirmasjonar vart utsette til hausten, vårens vakreste eventyr vart det ikkje noko av i 2020. I haust vart konfirmasjonsgudstenestene gjennomførte. For å få plass til flest mogeleg vart talet på gudstenester auka til 63, her vart 566 konfirmerte. Mange av desse gudstenestene (i 5 kommunar alle) vart filma og sendt på nett slik at dei som ikkje fekk plass i kyrkjene kunne følge med digitalt. I nokre sokn vart konfirmasjonsgudstenesta flytta til ei større kyrkje i kommunen slik at fleire kunne ta del. I **fra fjord og fjære** ser du bilde av nokre konfirmantar.

Tal på konfirmantar:

Kommune:	2019/2020	2020/2021
Bømlo	112	140
Etne	45	42
Fitjar	35	34
Kvinnherad	125	113
Stord	162	161
Sveio	65	60
Tysnes	22	21
I prostiet:	566	571

Bømlo

Bilete frå konfirmasjon i Bremnes kyrkje 19. september.



Bilete frå Lyklingkonfirmantane sin seremoni 27. september 2020 som var i Bremnes kyrkje pga. plassbehov.



Fitjar

Det var ein viss kontrast til konfirmasjonsgudstenestene dei siste åra, som ofte har samla rundt 300. Elles var mykje ved det same; sokneprest Roald Drønen stråla om kapp med dei kappekledd konfirmantane, som kom inn over kyrkjegolviet i prosesjon bak kyrkjelydspedagog Randi Lønning Matre. Høgtida blei avslutta med at kantor Jan Overweg – tradisjonen tru – slo seg retteleg laus på det nye orgelet. Våre beste gratulasjonar til alle konfirmantane og familiane deira.

Randi Lønning Matre



Stord

Me ynskte at konfirmantane skulle få ha med ein del gjester i kyrkja. Totalt hadde me 17 gudstenester. Alle gudstenestene vart streama via kyrkja si facebookside. Dette vart informert om ut til alle konfirmantar i god tid på førehand. Tilbakemeldingane på gudstenestene var gode. Mange foreldre sa at det var ein fin ro i kyrkja når det var få gudstenedeltakerar.

Brynild Meyer Stautland



Sveio

Vi hadde totalt 7 konfirmantgudstjenester i Sveio – fem i Sveio kyrkje på dagane 22. og 23. august og to i Valestrand kyrkje lørdag 29. august. I Valestrand hadde vi samla konfirmantane fra Eikeland, Førde og Valestrand slik at det skulle bli betre plass til familiane. Alle gudstenestene blei sendt på nett slik at dei som ikkje fekk plass i kyrkjene kunne følgja konfirmasjonsgudstenestane.



Etne

Her er bilde av konfirmantane i Etne og Skånevik 2020.



Kvinnherad

Prosten skreiv på Facebook etter å ha vore prest på konfirmasjonsgudsteneste i Kvinnherad kyrkje at han var høgt oppe.





Nye konfirmantar og lysmesser

I prostiet er det 571 konfirmantar i år. Dei får og eit spesielt år.

Frå Tysnes melder dei at dei nye konfirmantane vart presenterte i sine sokn i staden for samla slik dei har gjort dei siste åra, dette grunna covid 19 og at andre i soknet kunne få koma til kyrkje dei dagane. Fleire stader har dei hatt samlingar ute. Tysnes melder at dei har hatt pilegrimstur med dei nye konfirmantane frå Onarheim kyrkje til Blåbærhaugen. I fleire kyrkjer tek konfirmantane del i lysmesse. Frå Fitjar melder dei: «Søndag hadde me ei flott lysmesse saman med konfirmantane. Dette året kunne foreldre, slekt og venner følgje gudstenesta på YouTube. Gjennom god song, lystenning og tekstlesing vart det ein god start på adventstida!»

Andre stader er det tradisjon at speidarane er med i lysmessa. I Eid kyrkje var om lag 20 speidarar i ulike kohortar med, då var det ikkje plass til å ha opa gudsteneste, men nokre foreldre fekk vera med. Sokneprest Jan Ove Totland sa i talen: «Eg trur nokon som ikkje fekk vere med gledde seg over at speidarane var på lysmesse i Eid kyrkje. Ei flott oppleving i ei spesiell tid!»

**Bremnes****Onarheim****Hatlestrand****Hatlestrand****Fitjar****Førde**

Salmesang og galge

Presten Peter Robertstads juleminner fra en konsentrasjonsleir.
Bearbeida framstilling av Jens Olav Mæland, prest og forfattar.

Krigsåra 1940-45 var ei prøvingstid. Mange måtte bera tyngre byrder enn andre. Somme gav sitt liv, andre var villige til å gjera det. Alle som begav seg inn i illegalt arbeid, måtte risikera det verste. Og mange prestar blei hardt prøvde. 94 blei fengsla i kortare eller lengre tid, fordi dei engasjerte seg aktivt i motstandskampen. Å hjelpa flyktningar over til England var ei risikabel form for illegalt arbeid.

Sokneprest Peter Robertstad i Finnås (Bømlo) arbeidde aktivt for å hjelpa flyktningar over. Han og kona hans Sofie stilte prestegarden til disposisjon for trafikken mellom Bremnes og Shetland. Men snart snørte nettet seg til omkring dette arbeidet. Den 5. mai 1943 kom Gestapo og forlangte «pastoren» arrestert. Etter grundig forhør gjekk turen til Espeland ved Bergen. Etter nokre månader blei ein del fangar frakta til Oslo i lenker.

Peter Robertstad var født på Madagaskar i 1900 og døydd i 1967, etter å ha vore sokneprest i Finnås (Bømlo) frå 1930-46, og Høyland frå 1946-67. Han har etterlatt seg ei skildring av fangetransporten til Tyskland, og juleminne derifrå. Eg fekk kopi av ein del brev/papir frå kona hans Sofie i 1985, der skilddrar han det slik:

«I Oslo fikk jeg et lite opphold i Møllergaten 19. Men allerede i de tidlige morgentimer den 9. desember ble vi purret og måtte gjøre oss ferdig til transport. For mange av oss kom det som en utløsning, da vi hadde ventet på krigsrett og sikker dødsdom. Utpå morgenen ble det et hektisk liv om bord på «Donau» som lå seilklar. Vi ble kjørt ned i de forskjellige luker om bord, og alt i alt var vi ca. 11-1200 fanger om bord. Deriblant studenter og politiet. Turen gikk til Stettin, og for studentene og den lille gruppen på 61 mann som jeg tilhørte, ut til en liten straffeleir ca. en og en halv times vei fra byen. Vi var på gjesting i denne leiren, vil aldri kunne glemme de to-tre døgn vi var der. Men oppholdet var kort, og turen gikk videre. Etter en transport på ca. 5 døgn – det 4. så å si uten mat – kom vi til Strasburg og ble der skilt fra studentene. Vi 61 fortsatte ca. 50 km til en liten landsby, Rotau, og ble derfra i biler ført til den beryktede leiren oppe i Vogeserne, Natzweiler. Hit kom vi den 19. desember. Altså tidsnok til å bli husvarme før julen satte inn.

Livet i en tysk konsentrasjonsleir kan ikke beskrives, og jeg vil heller ikke påta meg å gjøre det. For oss norske var overgangen som å komme fra himlen til helvede! Og vi fikk se og oppleve ting som vi aldri hadde drømt om var mulige. Etter et ganske kort opphold i «Zugangsblock»*, ble vi fordelt på de forskjellige «blocker» og hadde den fordel at vi traff norske kamerater der vi kom. Vi «bergensere» traff også kamerater fra Ulven, som bare hadde vært i leiren i ca. 2 måneder. Men vi måtte se lenge på dem før vi kunne forstå at det var dem. – Så langt nede på felgen var de kommet alt da!

Men «stue-sjefen» som jeg havnet hos, hadde bestemt seg for å la oss feire julen. Og et sterkt innslag i julefeiringen kom fra oss norske. Julaften holdt jeg juleandakt, og kvelden ellers gikk med våre gamle julesanger som slo godt an mellom de andre fangene. Hadde vi en kjensle av jul og julestemning selve julaften, så ble vi juledag brutalt brakt ned til konsentrasjonsleirens fryktelige virkelighet.



Peter Robertstad (1900-1968)
Sokneprest i Finnås 1930 – 1946.
Foto frå «Midt i bygda» Bremnes kyrkje 150 år.

Ryktene kom ganske forsiktig til å begynne med. En og annen hadde sett galger reises. Men snart tok ryktene fastere former, og offisiell beskjed ble også gitt om «Antreten», stor appell** ved middagstid. Det første som møtte oss var synet av de to galger som var reist. Og snart stod vi leirens 7 tusen fanger oppstilt i åndeløs stillhet. Leirens kommandant var også på plass og innledet høytideligheten med noen ord. Han hadde innbudt oss til et «skjønt» skuespill og ville vise oss hva han kunne gjøre med oss alle. Så ble to av fangene hengt, og etterpå defilerter vi en for en med blottet hode forbi galgene mens S.S.*** spökte og lo og syntes å nyte julehøytiden de hadde gitt oss. Selvsagt gjorde begivenheten et sterkt inntrykk på oss som var bare 5 dager gamle i leiren. Og det var ikke mange av oss som greidde middagssuppen, til tross for sultne mager og skrikende sult! Det ble også avslutningen på julen i Natzweiler. Andre juledag var det arbeid i leiren, og vi måtte tørne på med våre snøskofler, «schusskarren» og trillebærer.

Heldigvis ble min andre jul i Tyskland av en helt annen karakter. Vi var da kommet til Dachau, og jeg fikk julen 1944 sammen med prestene på stue 3, block 23. Alt i alt var vi 1400 prester internert i Dachau, fordelt på to «blocker». Og prestene der hadde det fortrinn at de hadde sitt eget kapell. Gudstjenesten er da også det trekk i bildet som står klart for meg fra julen i Dachau. Det var med en egen gripende følelse vi samlet oss til den, og ikke minst 1. juledag ved nattverdbordet. Vi følte som aldri før at vi hadde noe som hverken tid eller sted kunne ta fra oss.

Julen i Dachau kom som en utløsning av en lang og stille forventning. Jeg har aldri lært å nytte adventstiden slik som det ble gjort der. Og fra adventskransen kom inn i stuen og det første lyset var tent om kvelden 1. søndag i advent, var adventstiden som en eneste stille forventning. Så kom da julen også som det naturlige høydepunkt. Hva det materielle angikk så var vi norske ovenpå nå. Vi hadde rikelig med pakker denne julen og rikelig oppdekning. Mange av oss hadde også fått julepakker fra Norge, med en liten grankvist, et julelys eller flagg - -. Julaften var jeg mellom de norske på block 30 og holdt juleandakt for dem. Stue-sjefen hadde selv gjort opptakten til det. De innbudte var foruten hele block-personalet, også «Blockfurer» (S.S.) og andre S.S.-menn. Jeg leste juleevangeliet og knyt-

tet noen tanker til det. Og jeg glemmer aldri den lyttende menigheten. Visse øyne som grep ordene før de var sagt. Gutter fra alle lag av folket som glemte både tid og sted, og i tankene var hjemme. At det var dem som julen virket så sterkt på at de ikke greidde det, var bare naturlig. En av mine karer sa det slik da vi snakket om julaften vi skulle feire sammen: «Eg greier det ikkje. Eg kjem berre til å tenkja på dei der heime.» Han måtte være alene. Alene med tankene. Alene med sine!

Det var svært å holde tårene tilbake. Men vi hadde jo håpet om at det var vår siste jul der nede. Og som jeg sa det i min juleandakt: «bedrøvet for alt, fattigere enn de fattigste -, kan vi midt i all armoden slippe inn til oss en stråle av sol, av rikdom, av glede og fred. Han som vi i dag minnes, han som smiler mot oss fra Betlehems krybbe, han hvis navn lyder til oss fra juleevangeliet og julesalmer, - han er hos oss. Han er vår rikdom og skatt!» Tanken på første julenatt var ikke så langt unna, der også noe av den samme fattigdom var til stede. Et barn svøpt i en krybbe. En flokk hyrder som holdt vakt om sin hjord. Nå stod en flokk fanger rundt det samme barn. Og hjertene løftet seg mot himmelen i takk: «Ha takk som treder til armodshytter ned, ha takk som gleder oss med sin søte fred!»

Den 30. mai 1945 steig Peter Robertstad i land på Rubbestadneset. Kona, barna og ei stor folkemengd tok imot presten sin og andre tysklandsfanger som var med. Han har sjølv sagt det slik: «Ingen konge kunne blitt mottatt med større hyllest. Det var som en julekveld midt på våren.»

Forklaring:

*Block = kaserne.

Zugangsblock = inntakskaserne.


** Appell = oppstilling,

*** S.S. = Schutz-Staffel,

eit «beskyttelseskorps»

som var svært viktig for

Hitlers system.



Søndag for dei forfølgde

Pandemien er slett ikkje over

Johannes Morken, redaktør i Stefanusalliansen

Medan vi ventar på vaksine for å koma oss ut av heimekontora våre og få eit normalt sosialt liv og kyrkjeliv igjen, kjempar mange i andre land framleis for å overleva den globale pandemien. Den kampen vil garantert vara heile neste år.

Året vi legg bak oss har prega oss alle. Også vi som har hatt god helse og trygt arbeid, lengtar tilbake eit meir normalt liv. Kva som blir normalt heretter, veit vi forresten ikkje. Men vi kan i alle fall vera sikre på at livet ikkje blir det same for mange under andre himmelstrøk. Kina har brukt pandemien til å styrkja overvakinga endå meir, både av innesperra muslimske uigurar og av folk som går til gudsteneste. Dei overvakar virus ved å overvaka menneske. Men Kina overvakar ikkje berre for å få viruset under kontroll. Regimet vil ha full kontroll også på menneska. Det er berre så vidt i gang.

I mange land risikerer folk svolt fordi dei mista arbeidet. Vår partner i Pakistan delte ut mat til både kristne og hinduar fordi muslimske organisasjonar berre ville gje mat til muslimar under pandemien. I Libanon kom katastrofe etter katastrofe. Pandemien kom på toppen av flyktningkrise og eit politisk kaos. Og etter nokre månader med pandemi kom katastrofe-eksplosjonen i Beirut. Andre stader er religiøse minoriteter blitt uskuldig utpeikte som syndebukkar. Det tek ikkje slutt. I Tyrkia har også mange kristne mista arbeidet fordi turismen braut saman då landet vart stengt og flytrafikken stogga.

I Egypt var vår ven, biskop Thomas, i haust så sjuk av covid-19 at han var budd på å dø. Han seier til Magasinet Stefanus at han er glad for at Gud gav han ein ny sjanse. Og den sjansen vil den modige biskopen bruka til å forsterka kampen for rettferd. Biskop Thomas seier som sant er: Viruset rammar både fattige og rike på like fot. Men medan dei rike får den beste hjelpa, døyr fattige i det stille.

Denne appellen frå biskop Thomas, som Stefanusalliansen har samarbeidd med i over 15 år, tek vi med oss inn i 2021. Vi er glad for at vi har støttespelarar i Sunnhordland som i mange år har markert Søndag for dei forfølgde. Vi er glad for at heile prostiet er med på laget i 2021. Vi er glad fleire ser at kampen ikkje er over.

Mangt veit vi ikkje. Det er ikkje sikkert vi kjem til å reisa så mykje som før. Men vi kan ikkje stengja oss inne. Viruset kjenner ikkje grenser. Kallet til solidaritet kjenner heller ikkje grenser, det er om mogeleg endå sterkare enn før. Viruset spør ikkje om lov til å kryssa grenser. Kallet til rettferd må vi derimot aktivt seia ja til.

Takk for at de er med på laget.




I dag vert mange forfølgde på grunn av si tru. Kva kan vi i Sunnhordland gjera for dei? Her kjem eit initiativ for å markera «Søndag for dei forfølgde» i alle kyrkjelydar i prostiet.

Stefanusalliansen er ein misjons- og menneskerettsorganisasjon med særskild fokus på trusfridom. Redaktør Johannes Morken har sendt ei helsing til fra fjord og fjære og lagt ved nokre bilete.



Både Biskop Halvor Nordhaug og Prost Svein Arne Theodorsen har sendt brev til sokneråda og sokneprestane med oppmoding om å markera "Søndag for dei forfølgde".



Frå venstre: Gunnar Kartveit, regionskoordinator Kirkens Nødhjelp, Gunnhild Bergset, førstelektor Høgskulen i Volda og prost Svein Arne Theodorsen, Sunnhordland prosti

Takk til Gunnar Kartveit

Regionskoordinatoren for Kirkens Nødhjelp (KN) i Bjørgvin er blitt pensjonist etter 30 år i tenesta. Onsdag 9. september vart han takka på ei samling på Fjetre gård, Ottestad. Gunnhild Bergset og Svein Arne Theodorsen blei inviterte hit saman med tilsette i KN og mange var med digitalt, m.a. generalsekretær Dagfinn Høybråten. I si helsing takka Svein Arne Gunnar for ei særs lang og god teneste, og sa at Gunnar har vore ein god mann for:

• Kirkens Nødhjelp (KN)

Lojal medarbeidar som har formidla visjon og verdier til KN med stor kunnskap og varmt hjarte.

• Målgruppa til KN

Kven kan tala så engasjert og smittande om trangen for vatn som Gunnar? Truverdig har han inspirert til innsats t.d. i den årlege fasteaksjonen og bidratt til høge tal til beste for målgruppa.

• Sunnhordland prosti

Gunnar har vore særs viktig for å lyfte fram at vi høyrer til ei internasjonal kyrkje og utfordra til teneste. Fleire frå prostiet har hatt stort utbytte av å vere med Gunnar på inspirerende studiereiser til eit av KN sine prosjektland. Gunnar har teke del i fellessamlingar i prostiet og vore viktig for at vi i den årlege fasteaksjonen har samla inn ein halv million i mange år.

På avskjedsamlinga vart det orientert om at Sunnhordland prosti i koronaåret bidrog med ¾ million til fasteaksjonen, med lokale gode digitale produksjonar, m.a. på Bømlo.

Gunnar Kartveit kom med denne helsinga: «Når eg no sluttar, kjenner eg takksemnd for å ha fått vore saman for ei rettferdig verd - ilag med alle dykk som på ulikt vis er med og støttar Kirkens Nødhjelp. Det er ein stor rikdom, og saman med menneske verda over har vi gjort verda til ein betre stad å bu. Og vi held fram med det, for det nyttar!»



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Ei synleg kyrkje i Sunnhordland

Hovudfokus i Sunnhordland prosti i 2020 er «Ei synleg kyrkje» der kyrkja på det digitale torget, på heimeside og i sosiale media har ein sentral plass. Kven hadde sett for seg slike rammefaktorar i år då ein våren 2019 bestemte dette tema? Allereie 15. mars, fyrste sundagen etter at landet vart stengt ned, vart det i Sunnhordland sendt gudstenester digitalt.

Digital kyrkje?

I dette bladet kan du lesa om ulike digitale produksjonar. Du kan m.a. lese om korleis dei lokalt ordna det slik at konfirmasjonsselskap kunne fylgja konfirmasjonsgudstenester på nett. I år vert det ei annleis advents – og juletid. I *fra fjord og fjære* kan du lese om digitale adventskalendrar og julegudstenester både fysisk og på nett.

Prostidag

Sunnhordland Prostiråd inviterte til Prostidag i Nysæter kyrkje 15. oktober, alt tilpassa dei koronareglane som gjaldt då. Tema var «Ei synleg kyrkje i Sunnhordland». Her fekk vi orienteringar om kva kyrkjene i prostiet har gjort og planar dei har får advents – og juletida.

Tove Marie Sortland, kommunikasjonsrådgjevar i Stavanger bispedøme (bilete) heldt eit inspirerende foredrag. Det vart filma av Magne Langåker og lagt ut på nett, du finn det her: www.vimeo.com/469890007



Fylg med på di lokale kyrkje

«Eg høyrer mange seie at dei veit så lite om kva som skjer i si lokale kyrkje. Mitt råd er: søk opp di lokale kyrkje på heimesidene deira, på facebook og eventuelt instagram. Dette er god måte å få informasjon på. Når du fylgjer kyrkja på facebook, kjem nye oppslag på kyrkja si facebookside fram hos deg. Nyttar du liker – funksjonen, syner du at du ynskjer meir av det same. Facebook gjev deg det dei trur du vil ha. Deler du det som er posta på desse sidene, er du og med å gje viktig informasjon vidare. Liker og deler er små handlingar som gjer at kyrkja når lenger ut, og det er kjekt for di lokale kyrkje. Eg møter unge som seier at for dei er dette ein fin måte å vere med å heia på si kyrkje.»

Kommunikasjonsrådgjevar

Det er Tove Marie Sortland som seier dette, ho arbeidar med kommunikasjon i kyrkja og hadde eit inspirerende foredrag på Prostidagen der tema var: «Ei synleg kyrkje i Sunnhordland.»

Ei framoverlent kyrkje

Tove Marie seier til *fra fjord og fjære* at ho på Prostidagen og når ho fylgjer med digitalt opplever kyrkjene i Sunnhordland som framoverlente og gode til å nå folk. Medarbeidarane heiv seg rundt då pandemien råka oss og kyrkja er til stades digitalt, på sosiale media. Ho legg til at det er viktig å nytta dei nye vegane og. Folk er berre eit lite klikk unna gode opplevingar.

Praksisteneste

Laila Hansen Røksund, kyrkjelydspedagog på Bømlo, studerer ved VID Tromsø, Kirkelig Utdanningscenter Nord. Her er ho prestestudent (PTU1) og har i fire veker i haust hatt praksis i presteteneste i Nysæter og Stord sokn med sokneprest Jørgen Knudsen som veileder.

Laila fekk i praksisperioden god innsyn i ulike sider ved prestetenesta og fekk prøva seg i varierte presteoppgåver, alt i frå dåpssamtale og dåp til sorgstøtte og gravferd. Ho gjorde teneste både som liturg og predikant i ulike typar gudstenester, m.a. hausttakkefest i Fitjar kyrkje (sjå bilete), og fekk og vere med i vigselssamtale og vigsel.

Laila Hansen Røksund er utdanna lærar og har kristendom grunnfag frå Misjonshøgskulen, ho har vore kyrkjelydspedagog i 10 år. Laila gjev uttrykk for at ho er godt nøgd med praksisperioden og er blitt styrka i motivasjonen til å bli prest.



Frå venstre: Praktikumsstudent Laila Hansen Røksund, prost Svein Arne Theodorsen og klokkar Harald Johan Sandvik.

Gudsteneste med innsetjing av prestevikar Åse Selsvold i Valen kyrkje 16. august.

Åse Selsvold tok 1. august til som prestevikar i Husnes og Holmedal sokn. Biskopen i Bjørgvin har gjeve henne mynde til å forretta dåp og nattverd i sokna i Kvinnherad. Åse kjem frå Bømlo, ho har gjort teneste som kyrkjelydspedagog på Stord og teke teologiutdanning på NLA Høgskulen i Bergen.

Åse leia gudstenesta i Valen kyrkje. Sokneprest Kjersti Brakestad Boge og kantor Eva Megyesi gjorde teneste og soknerådsleiar Liv Slettemark var klokkar. Liv helsa Åse varmt velkomen og gav uttrykk for stor glede over at Åse var komen. Soknerådsleiaren leste tenestebrevet frå biskopen.

Prost Svein Arne Theodorsen leia innsetjinga. I sin tale til Åse tok han utgangspunkt i 1 Tim 4, 12: «Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung.» Prosten minna om at vi alle er skapte i Guds bilete, og at det ikkje er meining i å sjå ned på folk. Han funderte over kva som folk i soknet kunne finna som grunn til å sjå ned på Åse, t.d. at ho var frå Bømlo, at ho var kvinne, at ho ikkje enno var ordinert prest. Prosten konkluderte med at det var ingen grunn til å sjå ned på Åse og oppmoda henne til å vera frimodig i denne viktige tenesta.

Åse Selsvold gjorde teneste som liturg og predikant. Ho heldt ei god og lærerik preike. Kjersti Brakestad Boge forretta nattverden.

Mange hadde helsingar til Åse, ynskta henne velkommen og takka for preika. Etter gudsteneste og helsingar, inviterte Husnes og Holmedal sokneråd til kyrkjekaffi tilpassa koronasituasjonen og godkjent av kommunelegen.



Foto: Magne Fitjar

Frå venstre: soknerådsleiar og klokkar Liv Slettemark, kantor Eva Megyesi, prestevikar Åse Selsvold, prost Svein Arne Theodorsen og sokneprest Kjersti Brakestad Boge.

Gudsteneste med innsetjing av fungerande sokneprest Carsten Mrusek i Uskedal kyrkje 20. september.

Carsten Mrusek tok i september til i tenesta som fungerande sokneprest i Uskedal, Ænes og Åkra sokn. Carsten er frå Tyskland, frå Bremen – området. Han har vore i Noreg sidan 2010, var sokneprest i Nordfjord prosti, sidan 2015 i Hardanger og Voss prosti.

Sigmund Myklebust, soknerådsleiar i Uskedal sokn, ynskta velkomen til gudsteneste med konfirmantpresentasjon og innsetjing av fungerande sokneprest. Soknerådsleiaren leste og tenestebrevet frå biskopen. Prost Svein Arne Theodorsen leia innsetjinga og ynskta Carsten velkomen til Sunnhordland prosti, til Kvinnherad og til tenesta som fungerande sokneprest i Uskedal. Ænes og Åkra sokn.

Prosten siterte frå 1 Mos 32, 26: «Eg slepper deg ikkje utan at du velsignar meg.» Bakgrunnen for val av tekst, er at fortellinga om Jakobs kamp er særskild viktig for Carsten. Prosten understreka at Carsten ville bli bedt for i denne gudstenesta, og han oppmoda kyrkjelyden til å be for Carsten så han kan bli til velsigning for folk i Kvinnherad. Med konfirmantane til stades, nemnde prosten at Carsten hadde forutsetningar for å bli ein god konfirmantprest: Carsten er jurist, konfirmantane kan gjerne læra noko om kva som er rett og kva som er gale. Carsten er prest, konfirmantane treng å få del i det aller viktigaste: nåden og evangeliet.

Carsten Mrusek gjorde teneste som liturg og predikant. Han heldt ei grundig preike. Sokneprest Kjersti Brakestad Boge og kantor Eva Megyesi gjorde teneste, og einingsleiar i trusopplæring Kristine Hestad var klokkar. Etter gudstenesta inviterte soknerådet til kyrkjekaffi og fleire kom med gode helsingar til Carsten.



Frå venstre: Prost Svein Arne Theodorsen, klokkar Kristine Hestad, sokneprest Carsten Mrusek, soknerådsleiar Sigmund Myklebust og sokneprest Kjersti Brakestad Boge.

Advent

Ordet advent kjem frå «Adventus Domini» som er latin og tyder Herrens komme. I adventstida kan vi førebui oss til jula og feiringa av Jesu fødsel på jorda. Herrens komme vil i adventstida handla om desse tre aspekta:

- at Jesus blir fødd her på jorda, som barnet i krybba.
- at Jesus kjem til oss i dag, med den kristne kyrkja og dei som trur.
- at Jesus kjem tilbake til jorda ved jordas ende.

Adventskalender

Mange har ein adventskalender med ei luke kvar dag. I år er det nokre kyrkjelydar som lagar digital adventskalender. I Sunnhordland prosti finn du fleire slike:

Bømlo

Adventskalenderen er eit samlingspunkt for heile Bømlo i ei annleis adventstid. Det er ein stor musikalsk produksjon, med utgifter til musistar og studioinnspeling. Bømlo kommune har støtta oss med kr. 40.000 og Kyrkerådet med 35.000. Det er lett å få med folk til å bidra, så folk frå heile Bømlo er med og bidreg på ulikt vis. Nokre skular og vaksenopplæringa er også med, og tanken er at lukene også kan bidra som eit alternativ til skulegudstenester. Kalenderen ligg på YouTube, samt heimesida vår, og ei ny luke vert publisert kvar dag kl. 8.30.

Bømlo-Nytt samarbeider med oss og deler linkane kvar dag på sine sider. Elles kjem linkane også opp på alle kyrkjene på Bømlo sine ulike Facebooksider.

www.bomlo.kyrkja.no



Etne

Adventskalenderen vår har to ulike opplegg:

- på partalsdagar snakkar vi med ulike personar i lokal-miljøet om jul og julesongar. Organist Solveig Sørheim er ansvarleg for at desse songane vert spelt og sunge. Fleire er med i framføringa.
- på oddetalsdagar vert det quiz.

Kalenderen er tilgjengeleg på kyrkja si Facebookside.


www.facebook.com/etnekyrkja



Sveio

Adventskalender med musikalske innslag vert kvar morgon lagt ut på Facebooksida vår. Julaften vil 20 personar lesa eit vers kvar av juleevangeliet.

www.facebook.com/sveiokyrkja



Stord

Digital musikalsk kalender
I år ønskjer me velkomen til ein musikalsk adventskalender på kyrkja si facebookside med mange ulike bidrag frå det lokale song- og musikklivet på Stord. Kvar dag kl. 16.00 opnar me ei ny luke i kalenderen, følg med!

www.facebook.com/kyrkjaistord



Gudstenester i Sunnhordland prosti i jul og nyttår 2020

Velkomen til kyrkje jule- og nyttårshelga. Her finn du oversikt over gudstenestene. Om smittesituasjonen vert forverra, kan det bli endringar. Grunna korona vert det påmelding ved nokre gudstenester, sjå informasjon om dette. I år vert det digital overføring av fleire julaftangudstenester. Sjå informasjon om dette og.

Bømlo:

Julaften
kl. 16.00: Innspelt gudsteneste med innslag frå alle kyrkjene på Bømlo, tilgjengeleg på kyrkjene sine Facebook-sider og www.bomlo.kyrkja.no

1. Juledag

Bremnes kl. 11.00
Strøyma gudsteneste utan mogelegheit for fysisk deltaking i kyrkja.

Moster kl. 11.00

Maks 50 personar, påmelding på www.bomlo.kyrkja.no

2. Juledag

Bømlo kl. 11.00
Maks 50 personar, påmelding på www.bomlo.kyrkja.no

Nyårsdag

Bremnes kl. 11.00
Strøyma gudsteneste utan mogelegheit for fysisk deltaking i kyrkja

Etne:

Julaften vert det sendt live kl. 16.30 på Facebook.com/etnekyrkja

1. Juledag

Skånevik kl. 11.00

Etne kl. 12.00

27. desember

Etne kl. 11.00

Nyårsaftan

Skånevik kl. 17.00

Nyårsdag

Etne kl. 12.00

For alle gudstenester gjeld maks 50 personar. Påmelding på www.etne.kyrkja.no

Fitjar:

Alle gudstenester vert direkteendt på www.kyrkja.no/fitjar

Julaften

kl.15.30 – berre som direkteending

1. Juledag

kl.11.00 – berre som direkteending

2. Juledag

Fitjar kl. 19.00

Ungdomsgudsteneste

Påmelding 95076635

Nyårsdag:

Fitjar kl. 11.00

Maks 50 personar

Sveio:

Julaften

Valestrand kl. 14.30

Førde skulemusikkorps og

Valestrand skulekorps, Arild Steinsland

Valestrand 16.00

Eikeland musikkorps, Arild Steinsland

Sveio kl. 12.00

Open kyrkje med evangelieleing, Gisle Sørhus

Sveio kl. 14.30

Barnekoret, Gisle Sørhus

Sveio kl. 16.00

Sveio skulekorps Gisle Sørhus

1. Juledag

Sveio kl. 12.00 – Blåsarar, Gisle Sørhus

Nyårsaftan

Sveio kl. 23.15 – Runar Larsen

Nyårsdag

Førde kl. 18.00 – Runar Larsen

Alle gudstenester, utanom Nyårsdag i Valestrand, vert streama på Facebook-sida "Sveiokyrkja"

Tysnes:

Julaften

Tysnes kl. 14.00

Påmelding. Gudstenesta vert streama grunna strenge smittevernsreglar. Lenkje vert lagt ut på Tysneskyrkjelydane sine sider og Facebook.

1. Juledag

Uggdal kl. 12.00 - Påmelding.

Påmelding til gudstenestene julaften og juledag innan 17.12 til Tysnes kyrkjekontor tlf.: 48123170 / 48123310.

Nyårsdag

Onarheim kl. 12.00

Stord:

Julaften

Nysæter og Stord kl. 13.30, 14.45, 16.00,

Huglo 12.45 og 13.45

1. Juledag

Stord kl. 11.00 og 13.00

Nysæter kl. 12.00

Påmelding til gudstenestene på julaften og juledag frå måndag 21. desember kl. 12.00, **Nysæter kyrkje til 99270811, Stord kyrkje til 47350754 og Huglo bedehusapell til 46782767.** Helst tekstmelding. Opplys om namn på alle påmeldte, kyrkje, dag og klokkeslett.

Gudstenestene frå Stord kyrkje julaften kl. 16.00 og frå Nysæter juledag kl. 12.00 vert filma og kan sjåast via nettsida: www.kyrkjastord.no, på kyrkja si Facebook-side og på bladet Sunnhordland si nettside: www.sunnhordland.no

3. Juledag

Stord kl. 11.00 (kan og bli kl. 13.00) Felles minnegudsteneste. Det vert sendt invitasjonar til denne gudstenesta.

Nyårsdag

Nysæter kl. 12.00

Kvinnherad:

20. desember

Ute ved butikken på Borgundøy. Vi syng jula inn **kl. 14.00**

Julaften

kl.15.00: Innspelt gudsteneste med innslag frå alle kyrkjene i Kvinnherad på Facebook, www.kvinnherad.kyrkja.no, samt Grenda og Kvinnheringen sine nettsider.

Hatlestrand kyrkje kl. 14.30

Kvinnherad kyrkje kl. 15.00

Barne- og familiegudsteneste

Ølve kyrkje kl. 16.00

Varaldsøy kyrkje kl. 16.00

Kvinnherad kyrkje kl. 16.15

Maks 50 personar og påmelding til desse fysiske gudstenestene på julaften. *

1. Juledag

Kvinnherad kl. 12.00

Vert streama på www.kvinnherad.kyrkja.no

Eid kl. 12.00

Husnes kl. 12.00 - Påmelding *

Åkra kl. 12.00

2. Juledag

Hatlestrand kl. 11.00

Uskedal kl. 11.00

Nyårsaftan

Eid kl. 16.00

Nyårsdag

Kvinnherad kl. 17.00

Familiegudsteneste

* Påmelding frå onsdag 16.12 til kyrkjekontoret i Kvinnherad, tlf. 48038628. SMS: Kva kyrkje, namn og antal. Eller ring i kontortida mandag-torsdag kl 09.00-15.00.

Julefeiring.

Samtale med Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, ordførar i Etne.

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim vart ordførar i Etne i 2019. Ho er utdanna fotterapeut og dreiv eigen klinikk i Etne før ho vart ordførar. Mette Heidi er 57 år, gift, har tre søner, ei svigerdotter og to barnebarn. Ho er oppvaksen på Sørstranda og bur i Stordalen.

Gode minner

Eg har mange gode minner frå mi barndoms jul. Me fekk vere med i førebuinga av jula, det gav næring til dei gode forventningane. Me lagde småkaker og julagodt.

Det var og kjekt å vera med å henta juletre

i skogen i lag med pappa.

Treet pynta me på føremiddagen, med den faste, fine julepynten.

Eg har mange av dei same kulene enno.

Jul i heimen

Då eg vaks opp, hadde me ikkje bil. Me kom oss ikkje til kyrkje julaftan. Julefreden kom med Sølv-guttene og gudstenesta på NRK. Hos oss var det svineribbe julaftan, og riskrem med mandel og marsipangris til premie for den som fekk mandelen. Når me sette oss til bordet, leste pappa juleevangeliet og me song ei julesalme. Me var fem sysken, i lag med mamma og pappa gjekk me rundt juletreet.

Gåver

Så fekk med kjekke gåver, gjerne noko me hadde trong for. Slik var det for alle eg kjende. På 60 - og 70 - talet var det ikkje så store økonomiske forskjellar mellom folk, det var likt for alle. Dette tykkjer eg er fint, eg ynskjer ikkje eit samfunn der forskjellane aukar.

Vidareføra juletradisjonane

Mannen min og eg har mykje like juletradisjonar, desse har me vidareført i vår heim. Hos oss er det pinnekjøtt julaftan og svineribbe fyrste dag. Det var pappa som stod for lagginga av hovosten. Eg er så takksam for at eg fekk vere med på den operasjonen siste gongen han levde. Dette er eit kjærte minne, no har eg den kompetansen og kan gjera dette.

Dei gode verdiane

Den kristne trua har forma samfunnet vårt i årtusen, det er jo dette det moderne samfunnet byggjer på. Eg meiner det er viktig å ta vare på og byggja vidare på desse verdiane: å vera gode medmenneske, vera rause og møta kvarandre med kjærleik.

Ei spesiell jul

I år vert det ingen store juleselskap. Eg har bakt fire sorter småkaker, lefser, nordlandskaker og ambrosiabrod. Med få i lag i heimen, kan me gjerne finna nokon å dela med.

Eg veit at jula kan vera ei vanskeleg tid, ein kan kjenna seg meire einsame i desse tider. Eg tenkjer at det er fint om me kan ta ein telefon, gje ein blom, smila og slå av nokre ord når me møtast, det er ikkje så mykje som skal til for å spreia litt varme.

Ordføraren i Etne,
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim,
helser god jul til alle lesarane av
det tradisjonsrike jule-
bladet «**Fra fjord og fjære**».

JUL i heimen

Juleevangeliet

Lukas' evangelium kapittel 2 vers 1-20

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. 3 Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørte til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørte på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei. Luk 2,1-20

Herrens bøn

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.

Deilig er jorden

Deilig er jorden,
prektig er Guds himmel,
skjønner er sjelenes pilgrimsgang.
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradiset med sang.

Tider skal komme,
tider skal henrulle,
slekt skal følge slekters gang.
Aldri forstummer
tonen fra himlen
i sjelens glade pilgrimssang.

Englene sang den,
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød.
Fred over jorden,
menneske fryd deg.
Oss er en evig Frelser født



Musikk til Deilig er jorden:
Følg denne QR-koden eller søk
"Deilig er jorden instrumental"
på Youtube.com dersom de
ynskjer musikk til sangen.

